

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Terje Kollbotn (R) sette på vegner av R, FNB og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkesting vil vidareutvikle bokbåt-tilbodet til fjord- kyst- og øysamfunn i alle deler av fylket.»

Hilde Horpen (Sp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

I punktet 3.: "og kommunale kulturprosjekt " slik at punktet lyder:

3. Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale og kommunale kulturprosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.»

Avrøysting

Kollbotn sitt forslag fekk 15 røyster (Frp, FNB, R, Pp) og fall.

Innstillinga punkt 1 og 2 vart vedteke mot 15 røyster (Frp, FNB, R, Pp).

Horpen sitt forslag vart vedteke mot 15 røyster (Frp, FNB, R, Pp).

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket.
2. Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåttjenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikla mobile bibliotektenester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Fylkestinget understrekar at ei slik ordning både skal kunna gje tilskot til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.
3. Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale og kommunale kulturprosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.